



Stad kommune

Ordfører

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.:

Vår ref.:

19/1183 - 2 / ABJ

Dato:

06.01.2020

Rassikring på fylkesveg 618 – fråsegn frå Stad kommune

Stad kommunestyre- 19/072, har i møte 13.12.2019 fatta følgjande vedtak:

Stad kommunestyre godkjenner framlegg til fråsegn.

Med helsing

Alfred Bjørlo
ordfører Stad kommune

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Mottakarar

Vestland fylkeskommune
Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

Post- og besøksadresse

Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid

Telefon

57 88 58 00

Org.nr

921 060 157

E-post

post@stad.kommune.no

Internett

www.stad.kommune.no



Stad kommune

Arkiv:
JournalpostID: 19/2814
Saksbehandlar: Alfred Bjørlo
Dato: 10.12.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
19/072	Stad kommunestyre	13.12.2019

Rassikring på fylkesveg 618 – fråsegn frå Stad kommune

Bakgrunn for saka:

Det er utarbeida framlegg til fråsegn til rassikring på fylkesveg 618. Framlegget er utarbeidd av ordføraren i Stad kommune, i samråd med ordførarane i Selje og Vågsøy.

Stad kommunestyre skal godkjenne framlegget.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stad kommunestyre godkjenner framlegg til fråsegn.

Stad kommunestyre 13.12.2019:

Handsaming:

KS- 19/072 Vedtak:

Stad kommunestyre godkjenner framlegg til fråsegn.

Saksopplysningar:

Framlegg til fråsegn:

«Stad kommune krev fortgang i rassikring av Fv. 618 i Sørpollen i Vågsøy kommune.

Fv. 618 frå Almenningsfjellet til Flatraket i Selje kommune har ein ÅDT på 600 der 9 %t er klassifisert som tunge kjøretøy. Det er beregna ei auke i trafikken på 10% i ei 10 års periode.

I notat av 31.3.2017 frå Statens Vegvesen til Sogn og Fjordane fylkeskommune er standard og utfordringar på fylkesvegen beskreve.

Dei viktigaste utfordringane er:

- Redusert framkomst pga. punktvis dårleg vegstandard (smal, svingete, sikthinder)
- For få eller dårleg utforma møteplassar
- Topografi
- Ulykker, spesielt utforkøyringsulykker

Dei siste åra har antal ras på denne vegstrekninga vorte hyppigare og frå geologisk rapport etter rasa i 2018 kan ein ikkje utelukke fleire ras. Rapporten omtaler fanggjerd som eit aktuelt tiltak.

Fylkesveg 618 er ein mykje brukt pendlarveg og veg for skuleelevar til og frå vidaregåande skule. **Stad** kommune krev rassikring av denne vegen og ber om at ein kjem i gong med rassikringprisjektet så fort som mogeleg.

<https://img4.custompublish.com/getfile.php/3844768.2344.qfveetbyfu/Fv.+618+og+fv.+620+i+Selje+kommune,+flaskehalskartlegging.pdf?return=sfjfk.custompublish.com>